



Villreinen sin bruk av heiområda i Hjelmeland

SVR – Notat 2-2021



Utførende institusjon

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Kontaktperson

Alf Odden

Publikasjonsnummer	År	Sidetall	Opplag
SVR – Notat 2-2021	2021	26	Berre digitalt

Utgiver

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Forfatter(e)

Alf Odden

Tittel – norsk og engelsk

Villreinen sin bruk av heiområda i Hjelmeland

Sammendrag – summary

Dette notatet tek føre seg villreinen sin arealbruk i Hjelmelandsheiane frå 1930-talet og fram til i dag. Hovudkjeldene er jaktstatistikk, ulike villreinrapportar, data frå GPS-merkeprosjektet og samtalar med gamle jegerar i Hjelmeland. Notatet dokumenterer korleis dei mange vasskraftutbyggingane i dette villreinområde gradvis har gjort det vanskelegare for villreinen å bruke beiteområda i Hjelmelandsheiane.

Forsidefoto

[Jensahidleren

Foto: Jarle Lunde / Suldal Foto]

1 Villreinen sin bruk av heiområda i Hjelmeland

Forord


Dette notatet er resultatet av ein gjennomgang av tilgjengeleg kjeldemateriale om villreinen sin bruk av heiområda i Hjelmeland frå 1930-talet og fram til i dag.

Føremålet med notatet er å dokumentere korleis villreinens arealbruk har blitt påverka av dei mange kraftutbyggingane og den aukande turistferdsla i området.

Notatet vil fungere som bakgrunnskunnskap for SVR si forvaltning av verneområda i området.

1.1 Frå riktig gamalt

Førekomsten av villreinrelaterte kulturminne som dyregraver, bogestelle, ledegjerder og kjøtgøyme, samt ulike stadnamn kan gje ein indikasjon på villreinen sin områdebruk i tidlegare tider. I Hjelmelandsheiane er det relativt få slike kulturminne og stadnamn, men dei er mange nok til å vise at villreinen har brukt desse fjellområda langt bakover i tid.



Som det går fram av kartet er konsentrasjonen av registrerte villreinrelaterte kulturminne særleg stor i områda ved Eidavatnet og Årdals-Krymlevatn. Det er også mindre konsentrasjonar rundt Store Blåfjell mellom anna ved Øvre Sandalsvatn, Suldal-Krymlevatn og Øvre og Nedre Blåfjellvatn. Her finn ein også stadnamna Reinstølvatnet og Reinstølhei. Dyregrava ved Nedre Blåfjellvatn var den einaste sikre registreringa av denne type kulturminne i kommunen, heilt til arkeologane i Rogaland fylkeskommune i 2020 kunne stadfeste at dei to gropene ved Reinsgrovtdørna mellom Stakken og Nilsebu verkeleg var dyregraver.

Denne type kulturminne er framleis best undersøkt i nærleiken av dei stor reguléringsmagasina. Derfor kan ein gå ut frå at det også vil være uregistrerte kulturminne andre stader i Hjelmeland.

Kjelder:

Arkeologisk museum – Stavanger Varia 12. Kulturminner i Dyraheio. Bang-Andersen (1983). Arkeologisk museum – Stavanger Varia 40. Reinsdyrgraver i Setesdal Vesthei. Bang-Andersen (2004). Solveig Roti Dahl – personleg meddeling 2020.

1.2 Villreinstamma og områdebruken før kraftutbyggingane (1890-1965)

Frå den første delen perioden har vi få detaljar om stammestørleik og arealbruk. Noko er likevel å lese ut av den nasjonale jaktstatistikken og fellingstala for kommunane Årdal og Hjelmeland. Denne nasjonale jaktstatistikken tek til i 1889. Fellingstala er nok relativt usikre fram til etter 1950, og må derfor tolkast som minimumstal. Det er først mot slutten av 1930-talet at vi får andre kjelder i tillegg, og da særleg Meidell sine villreinundersøkingar som vart publisert i 1937. Desse baserer seg mellom anna på opplysningar frå lokalkjente og inneheld svært detaljerte opplysningar om villreinens arealbruk.

Utover 1930-talet auka bestanden i heile Setesdal-Ryfylke villreinområde. Da var bestanden på veg opp etter å ha vore svært liten både rundt århundreskiftet og på slutten av 1920-talet. Villreinstamma var faktisk så langt nede at det vart innført ein nasjonal freding i åra 1901-1906. Denne ferdigna såg ut til å slå heldig ut lokalt. Fellingstala auka til eit årleg snitt på 30 dyr for perioden 1907-1925, mens den var heilt nede i 10 for dei 12 åra før ferdigna. Denne gode perioden var avløyst av ein ny periode med svært lite villrein. For åra mellom 1926 og 1936 vart det ikkje felt meir enn 6 dyr i snitt i Hjelmeland.

Ein har ikkje sikre tal på kor stor villreinstamma var mot slutten på 1930-talet, men anslaget frå Meidell (1937) var på om lag 2000-3000 dyr for heile villreinområdet. På

slutten av 1930-talet vart det og mykje meir dyr i Hjelmelandsheiane, det var fleire dyr enn tidlegare som kom på grotrekket om våren, og det vart gåande at fleire bukkar langt mot vest ut over sommaren.

I følgje Meidell vart områda vest for det som nå er Svartevassmagasinet, rekna som ein del av det sentrale villreinarealet. Dette omfatta strekningen frå Grauthellerheia, Lysekammen, Kleggjadalen fram til Nilsebuområdet. Lenger nord vart og området frå Storådalen og Lusaheia til Store Blåfjell innrekna i det sentrale villreinarealet. I desse områda var det årvisss sommarbeite for ein del villrein, både bukkar og simler. Særleg i periodane mai-juni og august-september kunne det gå mykje dyr på sommarbeite i desse områda.

Områda lenger mot vest (Vormedalsheia og Årdalsheiane) var i hovudsak sommarbeite for spreidde bukkeklokkar, men det kunne gå att mindre bukkeklokkar til tidleg på hausten. Brendeknutane og traktene nord for Grasdalslega trekkast fram som område kor ein ofte fant dyr.

Tilgangen på vinterbeite i Hjelmelandsheiane er relativt avgrensa, men mindre flokkar kunne likevel ha fast tilhald i desse områda om vinteren. I enkelte år med vanskelege beitetilhøve lengre sør og aust, kunne det komme større flokkar langt vest tidleg på vinteren. Desse ville normalt trekke sørover relativt raskt.

På 1930-talet var villreinstamma sitt viktigaste vinterbeiteområde frå områda ved Brokke-Suleskardvegen og vidare sørover. Etter brunsten om hausten trakk mest heile villreinstamma sørover til desse areala ved normale snøforhold. Gode snøforhold kunne medføre at større delar av stamma var ståande lenger nord. På seinvinteren trakk dyra nordover til kalvingsområda og sommarbeita i det sentrale villreinarealet både nord og sør for områda rundt Storsteinen.

Villreinen kom tilbake til Hjelmelandsheiane på våren mellom anna for å beite på groen. Frå litt ut i mars til litt ute i april kunne store flokkar stå mykje lenger ut mot vest enn det som var vanlege beiteområde på sommaren. Ved påsketider var det vanleg å treffe på villrein heilt ut mot Stakkstøl, Bjødnabu og Raudkleivheia. Dette hovudtrekket frå vinterbeiteområda i sør kom som regel over Nordre Lysekammen.

I løpet av april ville dei aller fleste dyra trekke austover og inn til dei eigentlege sommarbeita i det sentrale villreinarealet aust for Nilsebu og Grasdalen. Her vart dyra gåande til september. Simler og kalvar var vanlegast å treffe nord for Blåfjellhytta. Den viktigaste trekkvegen frå dette vårbeite til sommarbeita gjekk gjennom Kvildal. Dei relativt få bukkane som vart gåande att langt vest følgjer ikkje med i dette hovudtrekket. Det er først i september at desse og trekker mot aust. Innan slutten av september ville dei fleste dyra har trekt ut av Hjelmeland og inn i dei meir sentrale delane av Bykleheiane. I haustar med mykje og sterk vind frå nordleg retning kunne det stå att mykje dyr i Hjelmeland i heile september.

Den gong som nå kunne vær og vind medføre at områda villreinen brukte kunne varierte ein del frå år til år.

Lokalt seier tradisjonen at det var mykje villrein i Hjelmelandsheiane på slutten 1930-talet. På denne tida vart det og drevet ein del vårvakt.

Under krigen skapte okkupasjonen problem for både gjennomføringa av villreinjakta og drifta av tamreinflokkane til tamreinselskapet på Hovden, nord i villreinområdet. Truleg medførte mindre jakt og mykje forvilla tamrein til ein auka av den totale villreinstamma. På oppdrag av Njardarheim veidemark vart det gjennomført registreringar av villreinen sin arealbruk i 1947-1949 (Skuncke 1950). Mellom anna vart det gjennomført flyteljingar som viste at villreinstamma var på om lag 1600 dyr. Områdebruken vart rapportert mellom anna på grunnlag av observasjonar frå Heiberg sine oppsynsfolk. Denne viste langt på veg det same mønsteret som Meidell fant 10-12 år tidlegare.

Det vart truleg ikkje gjennomført systematiske registreringar av bestandsstorleik og områdebruk på 1950-talet. På bakgrunn av lokale kjelder var det truleg relativt lite villrein langt vest i Hjelmelandsheiane i denne perioden. Den lokale tradisjonen seier at det nesten ikkje var villrein å sjå i desse heiane på 1950-talet og 1960-talet.

Jaktstatistikken fortel likevel at det samla sett var relativt godt med dyr i Hjelmeland. I perioden 1945-1965 vart det i snitt felt 43 villrein kvart år.

Hellemo (1969) nemner fenomenet med at bukkar kunne opphalde seg langt vest i Hjelmelandsheiane, som til dømes ved Klinkehorten. Slike «støtereinar» var ofte einslege bukkar eller flokker på 2-4 dyr som kunne opphalde seg på eit lite og godt skjult område i lang tid. Desse vart ståande att gjennom sommaren og utover hausten. Jegerane visst ofte kor ein kunne finne desse dyra og nytta gjerne høve til å jakte i heimeheia.

Kjelder:

Statens villreinundersøkelser – Opplysninger om villreinstammen sønnenfor Haukeliveien. Meidell (1937)

Villreinundersøkelser i Njardarheim veidemark og tilgrensende områder. Skuncke (1950). Lars Hellemo. Vister etter villrein. Stavanger turistforenings årbok 1969.

Lars Strøm, personleg meddeling 2019.


Jaktstatistikk frå Statistisk sentralbyrå.

1.3 Villreinstamma og områdebruken under kraftutbyggingane (1965-1985)

I 1962 vart det på nytt gjennomført flyteljingar i villreinområdet, og frå 1966 vart dei gjennomført kvart år. Desse teljingane vart gjennomført på seinvinteren. Resultata viste ca 2900 dyr i 1962 og ca 2500 dyr i 1966 og 1967. I 1968 vart det brått registrert langt fleire dyr i villreinområdet (3900 dyr) og teljinga i 1969 på 3400 dyr stadfestar dette. Det er uråd å si kva som var årsaka til denne auken, men i samtidia vart teorien om innvandring frå Hardangervidda heftig diskutert.

Flyteljingane frå 1960-talet held fram utover 1970-talet og visar ei stabil og relativt stor stamme på mellom 2800 og 3000 vinterdyr. Den store stamma i villreinområdet under eitt, medfører og at det blir langt fleire dyr i heiemråda i Hjelmeland. Denne auken i talet på dyr gir tydeleg utslag i jaktstatistikken for perioden 1966-1984. For desse åra vart det i snitt felt så mykje som 64 dyr. I toppåra 1969, 1970 og 197,5 vart det felt så mange som 81, 87 og 83 dyr.

Frå 1975 og 1976 ligg det føre ein detaljert gjennomgang av flyteljingane som vart gjennomført desse åra (Kjos-Hanssen og Gunnerød 1977). Under teljinga 1-2 juli 1975 vart det observert små flokkar med bukk (1-10 dyr) ved Skarvehei og søraust for Nilsebu. Mellomstore flokkar med bukk (11-50 dyr) vart observert rett sør for Grasdalen og Nord for Lyngsvatnet. Under teljinga 24 april 1976 vart det observert mykje villrein i Hjelmelandsheiane, truleg om lag 3-400 dyr med både bukk og simle. Det vart rapportert om stor konsentrasjon av dyr i dei nordaustre delane av Vormedalsheia og middels konsentrasjon av dyr i dei søraustre delane. Det vart også rapportert middels konsentrasjon av dyr på nordsida av Storådalen, områda søraust for Nilsebu og områda nord for Lyngsvatnet. Mellom Lyngsvatnet og Lysebotn vart det rapportert ein stor konsentrasjon av dyr. Ved teljinga 17-18 juni sama år vart det ikkje observert villrein langt mot vest, berre ein middels konsentrasjon med dyr i områda rundt Store Blåfjell.




Figur 7. Villreinens fordeling i Setesdalsheiene 24. april 1976.

Villreinens fordeling i Setesdalsheiane 24. april 1976.

I samband med Ulla-Førre reguleringane og etableringa av Blåsjø vart jaktoppsynet i området utvida. I perioden 1977-1987 samla oppsynet systematisk inn villreindata på oppdrag frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk (Jordhøy og Kålås 1985).

I Lusaheia vart det observert villreinflokkar kvart år gjennom perioden, med ein særleg konsentrasjon i områda ved Stora Blåfjell og området Eidavatn-Årdals Krymlevatn-Suldal Krymlevatn. I områda rundt Nilsebu og i Vormedalshei vart det observert flokkar vinter, vår og sommar, men lite om hausten. Det er ein gjennomgåande tendens til at det vart gjort flest observasjonar tidleg i perioden (1977-79) mens det vart færre observasjonar på 1980-talet.

Setesdal-Ryfylkeheiene villreinområde



Kartfesting av villreinobservasjonar gjort av oppsynet i Blåsjøområdet 1977-1987.

På 1960-talet kom dei første store vasskraftutbyggingane i Setesdal-Ryfylke villreinområde. Rosskreppfjorden som er ein del av Sira-Kvina reguleringane vart etablert i 1964, og anleggsvegen inn frå Suleskard i Sirdal vart bygd på same tid. Rosskreppfjorden skar av trekka over Brokkesund og Ånesund. Desse trekka var heilt sentrale i villreinen sine trekk til og frå vinterbeiteområda i sør. Meir lokalt vart Lyngsvatnet og Nilsebuvatnet regulert i 1964 og 1968 som ein del av Lyse reguleringa, mens kraftlinja Tokke-Førre vart bygd i 1965. I 1976 vart Svartevassmagasinet etablert.

Dette magasinet skar av det viktige øst-vest trekket ved Aurådalen, og etterlet seg ein svært trøng nord-sør korridor på vestsida.

På tross av desse inngrepa ser det likevel ut til at villreinen fant vegen til sine beiteområde i Hjelmelandsheiane. Med etableringa av Rosskreppfjorden og Svartevassmagasinet ser det ut til at ein del av villreinstamma tok i bruk område i vest til vinterbeite i staden for dei tradisjonelle beiteområda i sør. I følgje Kjos-Hanssen (1984) kunne så mange som 1000 dyr ha vinterbeite i vest.

På bakgrunn av jaktstatistikken var det som nemnt mykje villrein i Hjelmeland i perioden 1966-1984. Ein ser likevel ein klar tendens til at det vart mindre dyr i området etter at Blåsjø vart etablert rundt 1980. For perioden 1966-1978 vart det i snitt felt 70 dyr kvart år, mens fellingstala vart redusert til 52 dyr i året for perioden 1979-1984. Dette er ein tydeleg indikasjon på at vandringshinderet Blåsjø representerte ville få konsekvensar for Hjelmelandsheiane.

Kjelder

Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk. Villreinundersøkelser i Setesdalsheiene i 1975 og 1976. Kjos-Hanssen og Gunnerød (1977).

Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk. Villreinen i Setesdal Vesthei. Jordhøy og Kålås (1985). Odd Kjos-Hanssen. Faktaboks i Stavanger turistforenings årbok 1984.

Jaktstatistikk frå Statistisk sentralbyrå.

1.4 Villreinstamma og områdebruken etter kraftutbyggingane (1985-2020)

Det var først med etableringa av Blåsjømagasinet (1976-1984) at summen av naturinngrep fekk alvorlege konsekvensar for villreinen sin bruk av Hjelmelandsheiane.

Med etableringa av Blåsjø og Svartevassmagasinet vart dei fleste av dei etablerte trekkvegane neddemt. Dei to magasina utgjer ein 35 km lang barriere, og det står berre att ein smal trekkpassasje ved Storsteindalen mellom Djupetjørnsåsen og Sjonaråsen. Om det nå skulle komme dyr til Hjelmelandsheiane om sommaren, var ein avhengig av at det står dyr i ved denne trekkpassasjen når vinden er frå vest. I praksis skjer dette i svært liten grad. Ein sannsynleg årsak er at trekkkorridoren er svært smal, og at turisthytta Storsteinen med tilhøyrande løpenett, er lokalisert midt i trekkpassasjen. Dette gjer at villreinen i tillegg til å møte mange tekniske installasjonar, og blir forstyrra av menneskeleg ferdsel. Fram til og med 1988 vart anleggsvegen til Storevassdammen brøyta og var dermed open for biltrafikk heile året. Dette førte til at turisthytta Storsteinen

hadde svært høge besøkstal (600-1000 i året) i ein kritisk periode der villreinstamma skulle finne nye trekkvegar.

Fram til om lag 1985 hadde ein del av fostringsflokkane som gjekk aust for Blåsjø og Svartevassmagasinet sommar og haust, eit årvisst trekk vestover mot Lusaheia, Vormedalsheia og Årdalsheiante. Trekket føregjekk ved tidleg på vinteren og dei hadde vinterbeite i desse områda frå januar og februar. Dyra haldt seg i desse områda fram til månadsskiftet april/mai. Da drog dei tilbake til kalvingsplassane aust for Blåsjø og Svartevassmagasinet, og berre ein del mindre bukkeflokkar vart ståande att til hausten. Tidspunkt og talet på dyr kunne variere etter snømengde og nedising lengre aust. Før etableringa av Blåsjømagasinet kunne det vera 5-600 dyr berre i Vormedalsheia. Under og etter utbygginga har det vore klart færre dyr, heilt ned mot 2-300 (Laugaland og Laugaland 1992). På denne tida vart det også registrert nokre døme på kalving i Vormedalsheia. Ein har også sett ein liknande trend i områda vest for Nilsebuvatnet, kor flokken som haldt til vest for Sandvatn var nede i 20-30 dyr midt på 1990-talet (Jordhøy m.fl. 2010).

I NINA si samanstilling av villreinobservasjonane i områda rundt Blåsjø for perioden 1977-1987 (Jordhøy m. fl. 2002) ser ein tydeleg korleis villreinen gradvis blir borte frå Hjelmelandsheiante.


Villreinobservasjonar 1977-1980



1) Kilde: Fylkesmannen i Aust-Agder

På slutten av 1970-talet vart det observert ein god del flokkar vest for Blåsjø og Svartevassmagasinet, og det var spreidde flokkar i Vormedalsheia og vest for Nilsebu.

Villreinobservasjonar 1984-1987



1) Kilde: Fylkesmannen i Aust-Agder

Midt på 1980-talet etter at Blåsjø vart etablert var det framleis spreidde flokkar vest for reguleringsmagasina, men langt færre enn på slutten av 1970-talet. Det vart ikkje registrert flokkar vest for Nilsebu og Grasdalen.

Det er forholda i trekkpassasjen mellom Blåsjø og Svartevassmagasinet som er den direkte årsaka til at det er mykje mindre villrein i områda vest for reguleringsmagasina nå enn det var før utbygginga. Dei første 10 åra etter at Blåsjø vart etablert var det framleis ein del villrein langt vest i Hjelmebandsheiane, men når flokkane som hadde fast tilhald i Vormedalsheia og ved Sandvatn vart borte frå om lag 1995, vart desse områda værande utan dyr. Villreinen sine moglegheiter for å krysse dalføret som delar Vormedalsheia og Årdalsheiane frå Lusaheia er gode. Dyra kryssar helst Grasdalen om vinteren når det er minimal ferdsel i område. Mellom Øykjalia og Storhidler-Nilsebuvatnet kjenner ein til 15-16 ulike stader dyra kryssar både sommar og vinter (Laugaland og Laugaland 1992). Likevel så er det slik at når det er få dyr i Lusaheia så skal det meir til at nokon av desse tek turen lengre vest.

Denne utviklinga ser ein tydeleg i jaktstatistikken. I perioden 1985-1995 vart det i snitt felt 38 dyr i året i Hjelmeland, mens fellingsstalet falt til eit gjennomsnitt på 16 dyr i året for

perioden 1996-2005. Mot slutten av denne perioden falt fellingsstalet til under 5 dyr i året, og har vore på dette låge nivået sidan. Frå 2012 har de på grunn av den låge bestanden ikkje vore villreinjakt på arealet til Hjelmeland statsallmenning.

Kjelder

Lusaheiaområdet – Rapport om tidlegare og nåverande bruk av heiemrådet. Olav Laugaland og Johannes Laugaland 04.02.1992.


Sigmund Tjentland – Referert i NINA rapport 518. Vassdragsutbygging i Årdalsvassdraget i Rogaland - Moglege konsekvensar for villrein. Jordhøy m.fl. 2010.

NINA Oppdragsmelding 757 – Planlagt turistutbygging i Hovden-Bykleområdet. Mulige konsekvenser for villrein. Jordhøy m.fl. 2002.

Jaktstatistikk frå Statistisk sentralbyrå.

Lars Strøm, Ivar Bjørnhus, Åge Meland, personleg meddeling 2019.


Dei siste åra har vår kunnskap om villreinens arealbruk blitt meir detaljert. Dette skyldast særleg gjennomføringa av dei to GPS-merkeprosjekta i Setesdal-Ryfylke villreinområde. I løpet perioden 2006-2019 gjekk til saman 58 dyr med GPS-sender ein kortare eller lengre periode. Av dei GPS-merka dyra var det til saman 45 simler og 13 bukkar. Dette inneberer at ein har svært god kunnskap om simlenes arealbruk, men den er mangelfull når det gjeld bukkane. For Hjelmelandsheiene, som i hovudsak har vore eit bukkeområde dei siste 25 årane, medfører dette at karta under blir noko misvisande. Om det hadde vore like mange GPS-merka bukkar som simler i materialet ville ein sett nokre fleire GPS-punkter mot vest og ein ville truleg ha fått nokre GPS-plott i Vormedalsheia og ved Nilsebu. Bukkane har alltid vore dei som i størst grad har brukt heiene lengst i vest, og dei siste 6-7 åra har det vore sikre observasjonar av bukk i desse områda.



Plott frå all GPS-merka villrein 2006-2019

Om ein ser nærmare på Hjelmelandsheiene finn ein den største konsentrasjonen av GPS-plott i eit ganske stort område ved Skutevatnet, mens områda lenger nord mot Førre og lenger sør mot Storådalen er mindre brukt. Det er også tydelege konsentrasjonar ved Suldal-Krymlevatn og inne i Kvildal i Storådalen. Dyra ser ut til å ha haldt seg mykje ute på kantane rett aust for Grasdalen. Dyra ser ut til å trekke inn i område i januar og halde seg her fram til april. I løpet av mai ser dei fleste dyra til å trekke austover. I juni er det lite dyr i området, men fleire trekker inn i juli og held seg her resten av sommaren. Om hausten er det lite dyr i området.


Eit GPS-merka dyr har også vore nede i dalen rett nord for Gamlestølen, men ingen GPS-merka dyr har kryssa over til Vormedalsheia. Samstundes har ein dokumentasjon på at det årvisst har vore dyr i Vormedalsheia etter 2014. Det er ikkje snakk om observasjonar av mange dyr, og det er som regel bukk som blir sett. Samstundes er det observert flokkar på opp til 15 dyr og det er sett simler i desse småflokkane. Dei fleste av desse observasjonane er gjort om vinteren, men også om sommaren er det sett nokre enkeltdyr eller små flokkar med bukk. Dei fleste observasjonane er gjort på Frigardsheia, ved Brendeknutane og ved Melands-Grønahei, men det er også sett flokkar så langt vest som ved Raudkleiv og Stakkstøl.



Plott frå all GPS-merka villrein 2006-2019. Lusahei og tilgrensande areal.

Sør for Storådalen verker arealbruken å ha ein ennå klarare austleg tendens. Konsentrasjonen av GPS-plott er ganske høg rett vest for Svartevassmagasinet, mens det gradvis blir lenger mellom plotta vestover mot Nilsebu. Det har ikkje vore GPS-merka

dyr vest for Nilsebu. Vinteren 2020 kom det fleire dyr langt vest på grunn av sterk nedising av beiteområda i høgheia. Dette året vart det observert to mindre flokkar nord for Nilsebu, men det vart ikkje gjort observasjonar av dyr i områda mellom Nilsebu og Lyngsvatnet.



Plott frå all GPS-merka villrein 2006-2019. Nilsebuvatnet og tilgrensande areal.

Kjelder:

NINA rapport 694. Villreinens bruk av Setesdalsheiene. Olav Strand m.fl. (2010).
NINA rapport 1457. GPS villreinprosjektet i Setesdal-Ryfylke – avbøtende tiltak. Olav Strand m.fl. (2019).

www.dyreposisjoner.no

Jaktstatistikk frå Statistisk sentralbyrå.

1.5 Oppsummering

Før kraftutbyggingane var heiområda i Hjelmeland ein integrert del av det sentrale villreinarealet. Etter å ha vore på vinterbeite lenger sør, kom ein del av villreinstamma langt vest i Hjelmelandsheiene på vårbeite. Dei fleste trakk austover sein på våren, mens ein del bukk vart ståande langt vest til hausten. I dei austre delane av Hjelmelandsheiene var det ein del dyr både på sommaren og om hausten.

Ved etableringa av Rosskreppfjorden (1965) og Svartevassmagasinet (1976), vart det endringar i trekkmønsteret til villreinstamma i Setesdal-Ryfylke. Framleis trakk det mange dyr til dei tradisjonelle vinterbeiteområda i sør, men trekket ut til Hjelmelandsheiene på seinvinteren vart umogleg å gjennomføre. Ei anna endring var at ein god del dyr nå trakk

ut i Hjelmelandsheiane tidleg på vinteren. Kombinert med ein sterk auke i totalbestanden rundt 1970, medførte dette at det vart mange fleire dyr i Hjelmeland. Som tidlegare trakk dei fleste dyra austover seint om våren, men det var og ein del dyr som vart ståande att langt vest. Mykje tydar på at det vart etablert flokkar som hadde fast tilhald i Vormedalsheia og ved Lyngsvatnet gjennom heile året.

Ved etableringa av Blåsjø og turisthytta Storsteinen rundt 1980, vart vintertrekket vestover til Hjelmelandsheiane vanskelegare å gjennomføre, men vart opprettholdt i ei redusert form fram til slutten av 1990-talet. Da førte kombinasjonen av ein kraftig reduksjon av den totale villreinstamma frå 1996 og jakt på flokkane med tilhald langt vest, til at villreinen nærmest vart helt borte frå Hjelmelandsheiane.


I dag medfører Blåsjø og Svartevassmagasinet og dei tekniske inngrepa i samband med desse, at det berre står att ein smal trekk korridor der dei viktige trekkt ruter nord-sør og aust-vest gjekk tidlegare. Saman med forstyrringar frå turisthytta Storsteinen og tilhøyrande løypenet, utgjer dette ei nærmest total barriere for villreinen. Dette har medført at villreinstamma i Setesdal-Ryfylke i praksis har blitt delt i to delstammar, ein i nord og ein i sør. Det er stamma i sør som må krysse færrest barrierar for å komme vestover, og dermed har lettast tilgang på beiteområda i Hjelmelandsheiane

Slik situasjonen er i dag er det lite truleg at simlene vil trekke vestover til Hjelmeland i barmarkssesongen. For bukkane vil dette truleg være mogleg i eit visst omfang. Om vinteren er menneskeleg ferdsel eit mindre problem, men reguleringsmagasina utgjer framleis ei barriere om enn i mindre grad enn om sommaren. Ein ser derfor at nokre simler trekker utover i Lusaheia om vinteren. Dette er og tilfellet for bukkane, og dei siste 6-7 åra ser ein og at nokre av dei har funne vegen tilbake til Vormedalsheia. Ettersom storleiken på stamma i sør har auka noko dei siste åra, kan dette være eit teikn på at det kan bli meir villrein i Hjelmelandsheiane dersom auka i stamma held fram. Truleg er det ingenting i vegen for at det gamle trekket vestover tidleg om vinteren kan bli etablert på nytt om stamma i sør blir stor nok. Om det kjem fleire villrein til Vormedalsheia om vinteren aukar og sjansen for at nokre av desse blir ståande att om sommaren. Vårarbeite er godt i dette område, og om sommararbeite i Brendeknutane har høg kvalitet.

For at dette skal kunne skje vil det være viktig at villreinen får beite mest mogleg uforstyrra i Vormedalsheia om vinteren. Det er allereie ein del ferdsel i Vormedalsheia vinterstid både i form av snøskutertransportar og turistar på ski. Det vil derfor være viktig at denne ikkje aukar frå dagens nivå. For at villreinen skal komme seg over til Vormedalsheia vil det og bli viktig at vinterferdsela i Grasdalen ikkje blir større enn den er i dag. Om sommaren er det og ein del ferdslar i Vormedalsheia som kan verke forstyrrande for villreinen. Dette gjeld særleg i samband med turisthytta på Melands-Grønahei og tilhøyrande løypenet. Om det skal være håp om å få villreinen tilbake til Vormedalsheia om somrane vil det være viktig at ferdsla i område i alle fall ikkje aukar i høve til dagens nivå.

1.6 Vedlegg

Kart som viser trekket ut til Hjelmelandsheiene på seinvinteren (orange pil), samt vårtrekket austover til sommarbeiteområda (lilla pil)



Kart med stadnamn som er nemnt i teksten (nordre del)



Kart med stadnamn som er nemnt i teksten (søndre del)



Jaktstatistikk for Hjelmeland 1889-2020

Årstal	Årdal	Hjelmeland	Heile Hjelmeland
1889	1	4	5
1890	2	6	8
1891		10	10
1892	2	6	8
1893	5	20	25
1894	1	15	16
1895		13	13
1896	2	28	30
1897		10	10
1898	3	15	15
1899			
1900		4	4
1901	Nasjonal	freding	1901-1906
1902			
1903			
1904			
1905			
1906			
1907	22	21	43
1908	22	10	32
1909	23	12	35
1910	11	8	19
1911	21	7	28
1912	26	10	36

1913	37	26	63
1914	15	9	24
1915	29	12	41
1916	19	3	22
1917	21	4	25
1918	16		16
1919	14	24	38
1920	10	10	20
1921	48		48
1922	11		11
1923	5	20	25
1924	5	7	12
1925	12	16	28
1926	1	5	6
1927	1	6	7
1928	4	8	12
1929	5	2	7
1930	4	4	8
1931	3		3
1932	2		2
1933	2	2	4
1934	4		4
1935	4	3	7
1936	6	2	8
1937	11	2	13
1938	16	5	21

1939	17	9	39
1940			
1941	6	1	7
1942	2		2
1943			
1944	4		4
1945	19	11	30
1946	19	13	32
1947	9	13	22
1948	17	9	26
1949	6	19	25
1950	13	17	30
1951	30	19	49
1952	31	19	50
1953	14	14	28
1954	19	4	25
1955	28	8	36
1956	18	19	37
1957	20	25	45
1958	30	23	53
1959	44	30	74
1960	27	28	55
1961	38	13	51
1962	46	38	84
1963	23	12	35
1964	38	22	60

1965	55
1966	76
1967	56
1968	46
1969	81
1970	87
1971	78
1972	76
1973	77
1974	37
1975	83
1976	78
1977	60
1978	79
1979	42
1980	39
1981	49
1982	51
1983	59
1984	70
1985	59
1986	48
1987	34
1988	26
1989	28
1990	34

1991		41
1992		35
1993		58
1994	2	23
1995	1	32
1996		10
1997		35
1998	2	16
1999	3	23
2000		10
2001	1	21
2002	1	33
2003		4
2004		4
2005		5
2006		0
2007		0
2008		
2009		
2010		
2011		
2012		12
2013		10
2014		10
2015		10
2016		8

2017	1
2018	0
2019	
2020	

Verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR) er namna til dei store samanhengande fjellområde som ligg lengst sør i den norske fjellkjeda. Desse heiane rommar store kontrastar. I vest finn du vakre og dramatiske landskap med djupe fjordar og tronge dalføre. I nord ragar fjella høgt og snøen ligg til langt ut på sommaren, men her finn du og flekkar med ei overveldande blomsterprakt. I aust og sør ligg eit vidstrakt og bølgande heilandskap kor det aldri er langt mellom idylliske vatn og vassdrag. Meir enn 3000 villrein streifar gjennom områda, alltid på vandring for å finne dei beste beiteområde gjennom året.

At det finns til saman 17 store og små verneområde i desse fjellområda, seier mykje om kor verdifulle dei er. Vernet sikrar og at kommande generasjonar kan få gode naturopplevelingar i desse heiane.

Kontaktinformasjon Verneområdestyret for SVR

Telefon:	95207083 / 90505902 / 48044583
E-post:	sfagpost@statsforvalteren.no
Nett:	www.svr.no
Post:	SVR Postboks 788 Stoa, 4809 Arendal

